

REFERAT OMRÅDEUTVALGET FOR NORDHORDLAND (OUNH)

Tid	Fredag 09.mai 2025, kl 09:00 – 12:00
Stad	Region Nordhordland Helsehus, 6. etg, møterom Mongstad
Møteleiar	Oddvin Neset
	Brukarrepresentant: Jostein Dale (brukarrepresentant frå kommunane i Nordhordland). Hovudtillitsvalt: Morten Bækkel Rognalsen (HTV Fagforbundet Alver kommune) Kommunane: Oddvin Arne Neset (Masfjorden, leiar), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Leni Dale (Alver) Anne Hildegunn Færøy (Austrheim), Mona Molland (Gulen kommune) Kommuneoverlegerepresentant: Tor Magnus Soleim (Alver kommune). Fastlegerepresentant: Gunn Mali Steen Sund (fastlegerepresentant Nordhordland) Helse Bergen: Grete Lill Hjartnes, Randi-Luise Møgster, Alf Henrik Andreassen, Anne-Jorunn Langeland (for Maria Vollsæter) Haraldsplass: Rebekka Ljosland, Åse Therese Nordstrønen Sekretariat: Elena Sandgathe og Eva Nordnes
Forfall	Evy Knutsen (brukerrepresentant spesialisthelsetjenesten), Trond Larsen (HVT Fagforbundet), Maria Vollsæter (Helse Bergen), Annika Villanger (Fedje kommune), Tonje Husum Aarland (Modalen kommune)

Nr.	Saker
11/25	Godkjenning av innkalling, saksliste og referat - 31.01.25 Saksliste og referat blir godkjende med følgjande innspel: Sakstittel for sak 22/25 blir endra til <i>Delprosjekt Sandviken-området</i>.
12/25	Gjennomgang referat frå SSU /v Randi Luise Møgster - Ei viktig sak frå SSU-møtet er samhandling om beredskap mellom sjukehus og kommunar. Det vart vedteke å setje ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på samarbeid ved beredskap. Arbeidsgruppa er sett ned, og første møte er kalla inn til. - Gjennomgang av status på handlingsplan ved Sse. Nytt punkt på handlingsplanen er ein kolonne som viser status på framdrift. Vedtak Medlemmane i områdeutvalet i Nordhordland takkar for orienteringa.

13/25	Oppnemne representant til revisjon av særavtale til tenesteavtale 2 - behov for følge Vedtak: Medlemmane i områdeutvalet Nordhordland takkar for orienteringa og sluttar seg til vedtaket om å peike ut ein representant til revisjonsarbeidet. Nestleiar for Helse og omsorg i Osterøy, Åse Vevle, blir meldt inn.
14/25	Presentasjon ved Pasient- og brukarombodet, nasjonal årsmelding for 2024 v/Marianne G. Litland Gjennomgang av årsmeldinga ved representant frå Pasient- og brukarombodet. Sjå vedlagt presentasjon. • Ombodet tek kontakt med kommunar og sjukehus i saker som gjentek seg eller i alvorlege saker. • Spesialisthelsetenesta har jamlege dialogmøte med ombodet. Korleis blir saker meldt vidare til dei det gjeld? Kommune, sjukehus eller fastlege? Kvar skal ein gå før det blir meldt direkte? • Ser ombodet forbetringar etter etableringa av Helsefellesskapsstrukturen? Vedtak: Medlemmane i områdeutvalet Nordhordland takkar for orienteringa.
15/25	Presentasjon av arbeid med rapport frå Riksrevisjonen om rehabilitering i helse- og omsorgstenesta v/representantar frå arbeidsgruppa Arbeidsgruppa presenterer arbeidet som er gjennomført, sjå vedlegg. Korleis kan vi jobbe vidare med å tilby god rehabilitering på tvers av sjukehus og kommunar? Arbeidet viser at det framleis er uklårt kvar grensa mellom rehabilitering på sjukehus og i kommunane går. Vedtak: Medlemmane i områdeutvalet Nordhordland takkar for statusoppdateringa. • Forslag til tiltak blir presentert i SSU 12. juni. Forslaga må likevel arbeidast vidare med lokalt i Nordhordland før eventuell implementering. • Kommunalsjefgruppa ønskjer å sjå nærmare på og drøfte forslaget som ligg i rapporten frå arbeidsgruppa.
16/25	Samhandlingstilskot 2025: orientering og vegen vidare • Sjå <i>saman.no</i> for meir informasjon om tildeling. Vedtak: Medlemmane i områdeutvalet Nordhordland takkar for orienteringa. Alle kommunar blir oppmoda om å sende inn søknader i 2026. OU Nordhordland kan i lag identifisere mogelege søknadar gjennom sakene som er oppe i gjennom året.



17/25	Habilitering i Barn og unges helsetjenester (HABU – prosjektet) v/Sun Norstrønen (prosjektleiar Barne- og ungdomsklinikken), Sjå vedlagt presentasjon. Det er forslag fra OU NH om å knytte det vidare arbeidet opp til FSU barn og unge. Vedtak: Medlemmane i områdeutvalet Nordhordland takkar for orienteringa og presentasjonen.
18/25	Godkjenning av UFAB mandat Medlemmane i områdeutvalet Nordhordland takkar for presentasjonen av utkastet til nytt mandat. Vedtak: Mandatet blir godkjent slik det er framlagt.
19/25	Oppfølging av vedtak i sak 3/25 OU Nh - arbeidsgruppe som skal utgreie behov/ynskjer for tenester til helsehuset Saka utgår. Saka blir teken opp att til hausten.
20/25	Austrheim presentasjon – v/ Anne Hildegunn Færøy Sjå vedlagt presentasjon. Vedtak: Tusen takk til Anne Hildegunn for ei flott presentasjon om Austrheim kommune.
21/25	Psykisk helsevern for framtida – Status delprosjekt DPS for framtida v/Randi Luise Møgster, sjå vedlagt presentasjon. Innspel: Det er positivt å høyre om modellen med FACT, der ein går bort frå diagnose og fokuserer på funksjon. Svært mykje godt arbeid. Det blir likevel uttrykt uro kring organiseringa av «DPS for framtida», med tanke på å samle spesielle funksjonar ved enkelte DPS. Kan det kallast «distriktsteneste» dersom det er så spesialisert at ein treng spissa kompetansen og fordele den på ulike område? Kan ein tenkje seg at slike funksjonar blir drifta frå ein sentral institusjon/sjukehus, medan DPS-ane tilbyr likeverdige tenester? Svar: Det manglar kompetanse til å sikre likeverdige tilbod ved alle DPS. Prosjektet skal derfor vurdere å samle spesialiserte tilbod ein stad som kan rettleie dei andre. Tilboda skal likevel eksistere ved alle DPS.



	Vedtak: Medlemmane i områdeutvalet Nordhordland takkar for orienteringa og presentasjonen.
22/25	Psykisk helsevern for fremtiden – status for framtida v/Eirik Elsaas Sjå vedlagt presentasjon. Vedtak: Medlemmane i områdeutvalet Nordhordland takkar for orienteringa og presentasjonen.
23/25	Orientering frå partane: - Helse Bergen: oversikt var sendt ut med møteinnkallinga - Alver kommune har i løpet av april fleire korttidsplassar på sengepostar på Helsehuset i Knarvik. - Påminning om å sende lister med telefonnummer frå fastlegane i kommunane til sjukehusa – og sjølvstøtt også motsett veg.
24/25	Eventuelt - Prosjekt frå Helse- og omsorgsdepartementet: prosjekt X (Helse Bergen v/ Grete Lill Hjartnes). Helse- og omsorgsdepartementet hadde møte 19.mars 2025 mellom politisk ledelse i Helse- og omsorgsdepartementet, KS og dei regionale helseføretaka (dvs Helse Vest for vårt område). Tema for møte var mogeleg utprøving av alternativ organisering av helse- og omsorgstenestene. Fristen for å levere ei skisse til HOD vart sett til 28.mars.2025. Den korte fristen (9 dagar) gjorde at det regionale føretake såg om det var sjukehus og kommunar som alt hadde eit samarbeid ein kunne ta utgangspunkt i. Voss sjukehus med dei 5 tilhøyrande kommunane vart utfordra. På kort tid vart det i samarbeid mellom sjukehus, Voss DPS NKS Bjørkeli, samhandlingslege, brukarrepresentant og politisk og administrativ nivå i dei 5 kommunane utarbeidd ei skisse som vart levert til HOD innan fristen. «Samhandling 2.0 for kvinnehelse» og «Avklaring Prosjekt 360». - Leiar og nestleiar vil til neste møte ha fokus på å få ned talet orienteringssaker slik at det vert meir tid til samhandling i møtene.

